



Mange hugsar sikkert historia vår om 11-åringen Kristian Øvstebø som fekk storlaks på 6 kilo då han fiska etter råtalappa i Korsnes tidlegare i sommar. Denne veka nyt han siste feriedagane på Fjelbergøy saman med m.a. den yngre broren Andre. Der fyller dei dagane med hytte- og friluftsliv, fiske og fangst og andre friske takter.

I dag fekk vi tilsendt to koselege foto av dei to fornøgde gutane som kunne melde om at dagens fangst var 14 krabbar og ei pigghå. Fangsten vart teken ved Akسدal vest på Borgundøy. På biletet ser vi Kristian til venstre og Andre til høgre.

Det er veldig kjekt at lesarane bidrar med bilete og korte historiar om ulike aktivitetar. I den samanheng nemner eg at det er best om formatet på biletet er slik at langsida er vassrett.

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frode Sæbø.